

Årsmelding Vassvøri sogelag 2016.

Laget er tilslutta Hordaland sogelag. Landslaget for Lokalhistorie og Landslaget for lokal- og privatarkiv. Sogelaget held møta sine i heradshuset på Evanger.

Årsmøtet vart halde i heradsstyresalen i heradshuset på Evanger, onsdag 27. april kl. 18.00. Det var 18 frammøtte lagsmedlemar.

Leiar Grethe Finsrud Agerlie opna møtet og ynskte alle velkomne. Grethe stod for leiing og gjennomføring av møtet.

Møtet starta med 1 minutt stille for lagsmedlemene Ingebjørg Helland og Bjarne Århus som var gått bort.

Det var ingen merknader til innkallinga eller til rekneskapen.

Merknad til årsmelding.

Lagsmedlem Øivind Teigen hadde merknad til at deltaking på Hordaland sogelag sitt 2016 årsmøte vart omtala i Vassvøri sogelag årsmeldinga for 2015. Han meinte det burde utstå til 2016-årsmeldinga.

Argumentasjonen for at den var teken med, var at den ikkje-økonomiske aktivitetsperioden femner tidsbolken frå årsmøte til årsmøte, medan den økonomiske aktivitetsperioden femner tida frå 1. januar til 31. desember.

I tillegg hadde Teigen ynskje om forklaring på avsnittet «sogelagsbistand», kva det var meint med omgrepet «bistand utanfor virkeområde». Styreleiar orienterte med ulike døme, på kva som her var meint.

Styret har i funksjonsperioden hatt 4 styremøte.

Sogelaget har hatt eit aktivt år.

Handlingsplanen vart gjennomgått og kommentert av styreleiar.

Økonomi

Kasserer Svein Mykkeltvedt tok føre seg rekneskapen og gjekk gjennom postane. Han peika spesielt på dei største og tyngste postane på både inntekts og utgiftssida.

Utgiftene med oppstrykking av Bolstadboka er den mest markante faktoren i rekneskapen, men det er ein eingongskostnad. Kostnaden med Bolstadboka vart finansiert med pengar frå eigenkapitalen til laget, slik at laget slapp å lånefinansiera bokprosjektet.

Ved tidlegare høve, som f.eks. ved trykkinga av Rongen-trilogien, måtte styremedlemene ta opp kausjonslån for å makta finansieringa.

Laget har over tid fått eit utvida mangfald av bøker for sal. Eit entusiastisk boksal med auka pengeomsetnad, kombinert med eit nøkternt forbruk, har dei seinare åra akkumulert eit fint overskot til lagskassa.

Svein fortalte og at det hadde vore særst godt sal av «Frå fjell til fjord 2015». Kasseraren såg ikkje føre seg store uventa utgifter, og om laget held oppe trykket på boksalet, er utsiktene gode. Han konkluderte med at laget har sunn og solid økonomi.

Vedlikehald.

Arvid Herfindal har ført tilsyn og utført naudsynt vedlikehald på tavlene laget har ståande rundt om i grendene.

Laget har og tilsyn med Knute Nelson stova, her har det m.a. vore utført slåttearbeid rundt husa.

Björgadalsbrua.

Som nemnt i årsmeldinga for 2015 hadde styret i sogelaget bestemt å bruka ressursar på oppattbygging av brua.

Det kan no meldast at brua er komen på plass.

Etter mykje godt og grundig førebuingarbeid, var det ein gjeng på 5 personar frå sogelaget som tok i veg den 22. oktober og fekk bygt opp att brua, denne gongen i ei noko smalare utgåve. Men endå meir solid forankra og robust, for å meistra dei komande vintrane.

Utgiftene til innflyging av materiell, bru-stolpar o.l., til bru-konstruksjonen vart kosta av Voss kommune.

Knute Nelson-stova på Kvilekvål.

I samarbeid med kommunen har sogelaget ansvar for vedlikehald av stova/eigedomen. Styret har merka seg at steintrappa opp til inngangsdøra til stovehuset er i forfall og har konkludert med at noko må gjerast.

Ein ser her at arbeidet fordrar fagkompetanse og styret har engasjert firmaet Fjord og Fjell Jernbanenett Tenester AS. v/Kjell Ove Brekke, med kunnskap innan mur og steinarbeid, for å vurdera stoda. Deira tilråding påpeikar eit betydeleg restaureringsarbeid, noko som er ressurskrevjande og kostesamt. Utan kommunal lovnad om finansiering vil ikkje arbeidet starta opp.

Avtalen mellom laget og kommunen seier at større utbetringar forvaltast av kommunen med tilhøyrande kostnadsansvar. Styret har sendt brev til kommunen med søknad om økonomisk stønad. Kommunal respons så langt er berre stadfesting på motteke søknad.

Post-bryggja på Evanger.

Dette er ei stor og krevjande sak som sogelaget har engasjert seg i, jfr. omtale av saka i «Hordaland» 22.12.2016.

Bryggja har stått i 180 år og har trassa både uver og store flaumar. Og sikkert sett folk leggja frå kai på si ferd ut i den store verda. Men etter kvart har bryggja sjølv begynt å bera preg av store påkjenningar og manglande vedlikehald.

I 2014 vart det utarbeida ein tilstandsrapport av Haakon Aase på oppdrag for Voss kommune.

Vidare aktivitet frå kommunen har stoppa opp.

Sogelaget ynskjer no framdrift i arbeidet med å ta vare på denne bryggjekonstruksjonen for framtida. For å kunna gjera det er ein avhengig av økonomisk stønad. Søknad om tilskot er sendt til både Voss kommune og Statens vegvesen.

Styret ser det og tenleg å kontakta Geirr Vetti (person som er vide kjent for å nytta Nepal-sherpaer i mur og grunnarbeid) for ei alternativ kostnadsvurdering.

Styret har sett føre seg oppstart av restaureringsarbeidet sommaren 2017. Det har diverre kome signal på at omsøkte tilskotsmidlar frå Statens vegvesen for 2017 uteblir, men sogelaget formidlar ny søknad til Statens vegvesen for tildelingsåret 2018, så oppstart må kanskje strekkjast noko i tid.

Sogelag-deltaking på tilskipingar i grendene.

Sogelaget deltok på Evangerlauddag den 4. juni.

Den 3. desember hadde laget avtale med Evanger Landhandleri som saman med Vossakjøt hadde produkt-promotering av lokal mat og tilhøyrande smaksprøvar i butikken.

Og den 11. desember var det julemarknad i ungdomshuset på Bolstad.

Alle tre stadane var laget representert med styremedlemar som selde sogelagsprodukt, dvs. ulike årgangar av «Frå fjell til fjord», Pylseboka, Bolstadboka, Rongen trilogien (Bergensbaneboka) og anna litteratur laget har i eiga.

Sogeskiftet.

«Frå fjell til fjord 2016» også i år ute i god tid før jul. Skriftnemnda gjer eit framifrå arbeid med å få folk i tale og soger skrive.

Avisa Hordaland omtala sogeskiftet, men denne gongen i meir moderat omfang mot kva me har vorte vane til dei seinare åra.

For å få sogeskiftet selt og distribuert ut til folket er det ingen som står på som Ottar Bergstad.

Kultursamarbeid mellom Evanger Landhandleri og sogelaget.

I førre årsmelding vart det orientert om eit påemna samarbeid mellom partane. Men Ove Bjørsvik, frå landhandleriet, som er pådrivar i prosjektet, er ein travel mann. Så status i prosjektet er p.t. uendra.

Hausttur.

Medlemane vart i haust tilbydde å vera med på hausttur til Olav H. Hauge-senteret i Ulvik. Dette var eit tilbod etter invitasjon frå Vaksdal historielag. Diverre var det ingen frå Vassvøri sogelag som melde seg på turen.

Evanger skule.

Sogelaget ynskjer å vera ein positiv bidragsytar og støttespelar. Laget stiller velvillig opp med sin kompetanse og hjelper til eller formidlar vidare.

Kåseri.

Etter at den formelle delen av årsmøtet var gjort ferdig, var det tid for kåseri.

Professor ved det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen, Jørn Øyrehagen Sunde, fortalte om fenomenet «utburd».

I gamle dagar, der ugifte kvinner fødde sitt barn i dølgsmål og forlot det, eller tok livet av barnet. Utburden var spedbarnet som vart kasta i ura eller på havet og som ikkje kom i vigsla jord. Det (barnet) fekk ikkje fred og vart såleis gåande att som eit spøkje el. gjengangar, ein «utburd».

Som eit resultat av kåseriet har sogelaget late seg engasjera.

Her i distriktet er det ein stad som heiter Utburdsura, plassen ligg ved Trollkona på grensa mellom Voss og Vaksdal kommune, på vossesida.

Saka trigga så mykje at Kåre Olav Aldal frå sogelaget og Einar Magne Straume frå Vaksdal historielag sette seg i båt og rodde ut, sidan tilkomst til staden er enklast via båt. Kva observasjonar som der vart gjort, seier sogja ingen ting om.

Takk for innsatsen:

Desse vart vist merksemd og tildelt kvar sin blom:

Skriftnemnda: Øivind Teigen, Per Eskeland, Knut Hjørnevik og Olav Edal.

Sogeskriftseljar: Ottar Bergstad.

Den gode hjelpar: Arvid Herfindal

Årsmøtelyden vart traktert med kaffi og kakebakst.

Tal medleamar: 102

Styret i 2016 har vore:

Leiar:.....Grethe Finsrud Agerlie, valt for 1 år i 2016

Nestleiar.....Kåre Olav Aldal, valt for 2 år i 2016

Kasserar.....Svein Mykkeltvedt, valt for 2 år i 2016

Skrivar.....Leif Akerlie, valt for 2 år i 2015

Styremedlem.....Knut Mestad, valt for 2 år i 2015

Varamedlem.....Kjellaug Århus, valt for 1 år i 2016

Varamedlem.....Kåre Tufte, valt for 1 år i 2016

Valnemnd.....Ragna Lønøy Lien, valt for 3 år i 2014 (leiar)

Valnemnd.....Arvid Herfindal, valt for 3 år i 2015

Valnemnd.....Einar Horvei, valt for 3 år i 2016

Revisorar.....Ivar Hernes og Karl Magne Bolstad

Nedre Skorset, 27. mars 2017

Leif Akerlie
-skrivar-